

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 24. november 2014, kl. 15.15

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Stordal kommune møtte ordførar Charles Tøsse og varaordførar Eva Hove, rådmann Lars Joranger tok del i sak 17/14.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det kom opp ei sak under eventuelt.

**SAK 16/14**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. JUNI 2014**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 27. juni 2014 blir godkjent.

**SAK 17/14**

**VEDKOMANDE TILSYNSRAPPORTANE I STORDAL KOMMUNE, B-SAK**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.11.2014.

Leiar fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova nr. 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling :**

1. Kommunestyret ser svært alvorleg på dei påviste manglane innan helse- og omsorgstenestene i kommunen og den administrative leiinga si manglande evne til å etablere intern kontroll i desse tenestene.
2. Kommunestyret ser det som nødvendig at det omgåande blir sett i verk tiltak som løyser dei alvorlege problema som kjem fram i notatet frå kommunerevisjonen.

#### **SAK 18/14**

#### **UAVHENGIGHEITSERKLÆRING FRÅ REVISOR**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.11.2014

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

#### **SAK 19/14**

#### **VEDKOMANDE BUDSJETT 2015 – STORDAL KONTROLLUTVAL**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.11.2014

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 20.000 kroner.

#### **SAK 20/14**

#### **PLANLEGGING AV EVENTUELT MØTE MED GRUPPELEIARANE**

(Saka kom opp under eventuelt)

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Medlemmane i kontrollutvalet tek sikte på å møte gruppeleiarane 3. desember 2014 til samtalar. Kontrollutvalsekretariatet har møtekollisjon på dette tidspunktet. Kommunerevisjonen vil eventuelt møte etter nærare avtale. Møtet vil være drøfting av tilsynsrapportane og vil ikkje ha status som kontrollutvalmøte.

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

Jonas Falch  
nestleiar  
(sign.)

Roger Lillebø  
medlem  
(sign.)